

VEDLEGG TIL SØKNADER OM KOMMUNALE STARTLÅN

1. Likningsutskrifter for alle vaksne i husstanden for dei 3 siste åra.
2. Attestar frå arbeidsgivarar med opplysningar over tilsettingsforhold, det vil seie %-vis stilling, fast stilling eller vikar osv. og brutto ordinær lønn. Opplys om godtgjersle for eventuell fast overtid eller faste tillegg ut over ordinær lønn.
3. Attestar frå trygdekontor med oversyn over trygder, som barnetrygd, pensjonar, kontantstøtte, barnebidrag og liknande.
4. Eventuell dokumentasjon frå lækjar, sosialkontor og liknande med opplysningar om eventuell sjukdom eller funksjonshemmingar i husstanden som har betydning for søknaden.
5. Opplysningar og dokumentasjon om eksisterande lånegjeld, det vil seie lånesaldo, betaling av renter og avdrag med beløp og betalingsterminar, lånetype med løpetid og rentefot på eventuelle eksisterande lån.
6. Annan dokumentasjon og presiseringar av relevante opplysningar av økonomisk, sosial eller medisinsk art, f. eks. barnebidrag, busituasjon, familiesituasjon osv.
7. Ved søknad om refinansiering – opplys om / dokumenter eventuelle betre lånevilkår (vilkår *før* og *etter* omsøkt refinansiering) som kan oppnåast hos eksisterande kreditorar og eventuelle krav frå desse m.o.t. mogleg kommunal refinansiering. Opplys om eventuelle kontaktpersonar hos eksisterande kreditorar. Grunngi og grei ut om bakgrunnen for søknaden om refinansiering, og korleis eventuell refinansiering vil betre situasjonen for husstanden – bruk om naudsynt eige brev.
8. Ved kjøp eller utbetring av bustad – vis til konkret prosjekt med adresse, pris, takstrapport, salsprospekt / teikningar og liknande utfyllande opplysningar.
9. Dersom søknaden gjeld *førehandsgodkjenning for startlån* er det ikkje naudsynt å vise til konkret prosjekt, men opplysningar om økonomien for husstanden med inntekter og utgifter må dokumenterast på vanleg måte.
10. Ved refinansiering og kjøp av brukt bustad må det ligge ved nyare takstrapport (maks. 6 månader gamal) frå godkjend takstmann.
11. Ved utbetringsarbeid må det ligge ved pristilbod / -kalkyle over arbeidet, med oversyn over kva som skal gjerast og eventuell forklarande samanheng mellom tiltaket og behovet / funksjonshemminga i husstanden.
12. Vedlegg skal følgje søknaden i den grad dei er naudsynte og relevante for kvar einskild søkjar. Nærare opplysningar kan fåast på bustadkontoret.